



SURNADAL KOMMUNE

Forskrift for godtgjersle og erstatning for tapt arbeidsinntekt for folkevalde 2023 - 2027

(Vedteke av Surnadal kommunestyre 07.09.2023)

Heimel

Denne forskrifta er fastsett av Surnadal kommunestyre i møte xx.xx.xxxx med heimel i lov om kommunar og fylkeskommunar kapittel 8.

§ 1 Lovgrunnlag

Etter kommunelova kapittel 8 Rettigheter og plikter for folkevalde skal kommunestyret sjølv gi forskrift som omfattar:

- Dekning av utgifter og økonomiske tap (kommunelova § 8-3)
- Arbeidsgodtgjering (kommunelova § 8-4)
- Ettergodtgjersle (kommunelova § 8-6)
- Permisjonar (kommunelova § 8-10)

§ 2 Formål og virkeområde

Formålet med forskrifta er å sikre folkevalde godtgjersle og utgiftsdekning i samband med kommunale tillitsverv som dei har.

Forskrifta omfattar medlemmar i folkevalde organ og andre politisk valde representantar i utval som er nærare fastsett i vedtatt politisk organisering for Surnadal kommune.

Arbeidsgodtgjersle er ein kompensasjon for det arbeidet som ein utfører i vervet som folkevald. Godtgjersle blir gjeve for møteverksemd, og inkluderer førebuing til møte og befarung i tilknytning til møte.

§ 3 Ansvar og mynde

Møtesekretær i det enkelte organ/utval har plikt til å føre møteprotokoll der det går fram kven som har deltatt, og som har rett til å få utbetalt godtgjersle, og som kan krevje utbetalt dekning av utgifter og økonomiske tap.

Ansvar for tilvising av godtgjersle og utgiftsdekning i henhold til denne forskrifta ligg til kommunedirektøren eller den som kommunedirektøren delegerer dette til.

§ 4 Faste godtgjeringar og godtgjering for møter

4.1 Ordførar

Ordføraren si godtgjersle blir sett til 100 % av ein stortingsrepresentants godtgjersle (= kr 1 064 318 i 2022). Ordføraren får inga anna godtgjersle.

Ordførar blir innmeldt i relevante arbeidsgivar-/arbeidstakarregistre og har på den måten rettigheter som vanlege kommunalt tilsette når det gjeld blant anna sjukepengar.

Pensjonsordninga for ordførar tar til å gjelde frå det tidspunktet ordførar går inn i vervet.

Kommunen betaler pensjonsinnskot i tråd med det forsikringsselskapet har i sitt regelverk for folkevalde. Ordførar betaler sjølv 2 % pensjonsinnskot.

Kommunen sørger for at ordførar blir innmeldt i KLP sin pensjonsordning for kommunalt/fylkeskommunalt folkevalde. Dette inneber at ordførar har same dekning som alle vanlege kommunalt tilsette når det gjeld yting etter dødsfall/gruppelivsforsikringar (HTA kap1 §10) og når det gjeld yrkesskade (HTA kap. 1 §11).

Ordfører er også dekket under kommunens ulykkes- og reiseforsikringar.

4.2 Varaordførar

Varaordføraren si godtgjersle blir sett til 20 % av ordføraren si godtgjersle. Det inkluderer møtegodtgjersle og godtgjersle for alle andre verv varaordføraren har. Godtgjersla blir utbetalt månadleg. I tillegg får varaordføraren utbetalt 100 % av ordføraren si godtgjersle i 5 veker pr. år (ferieavvikling for ordføraren).

Varaordførar skal behalde godtgjersle frå Surnadal kommune i dei 16 første dagane ved sjukdom.

Ved evt. sjukefråvær til ordføraren, trer varaordføraren inn i vervet som ordførar etter 16 dagar, og får godtgjersle som ordførar etter dette så lengje sjukefråværet er 100%.

Dersom ordførar er delvis sjukemeld opp til 50% stilling blir det ikkje gjort endringar i varaordførar sine plikter/arbeidsoppgåver. Dersom ordførar er sjukemeld i meir enn 50% stilling trer varaordførar inn i vervet som ordførar så lengje dette er tilfelle.

4.3 Kommunestyret

Medlemmer og varamedlemmer som møter i kommunestyret får ei møtegodtgjersle pr. møte tilsvarande 1,2 promille av ordføraren si godtgjersle. Når eit medlem får permisjon frå delar av møtet, eller stiller som vara i enkeltsaker, blir godtgjersla halvert. Representantar som er til stades i minst seks timar i eit møte får full godtgjering uavhengig av om vedkommande har hatt permisjon i delar av møtet.

4.4 Godtgjersle som leiar i politiske utval

For arbeidet som leiar i politiske utval oppnemnd av kommunestyret vert det gjeve slik fast godtgjersle i prosent av ordføraren si godtgjersle:

Leiarar i utval og nemnder får slik godtgjersle:

Utval	Prosent av ordføraren si godtgjersle
Hovudutval for tenesteutvikling (HTU)	6%
Administrasjonsutvalet (ADM)	6%
Kontrollutvalet	6%
Plan- og byggenemnder	0,5 %

I tillegg kjem møtegodtgjersle på same måten som for medlemmene i utvala. Telefonmøte er inkludert i godtgjersla.

Leiarar i andre utval, nemnder og råd har ikkje fast godtgjersle, men godtgjersle pr. møte.

Leiarar av styre, råd og utval som mottek fast godtgjersle, får redusert si godtgjersle med 50 % dersom sjukefråvær/permisjon strekker seg over 6 månader i løpet av kalenderåret.

Nestleiar/fungerande leiar får leiaren si godtgjersle dersom leiaren sitt sjukefråvær/permisjon varer ut over 6 månader.

4.5 Godtgjersle for møteverksemd m.m.

4.5.1 Godtgjersle pr. møte – faste utval

Medlemmer og varamedlemmer som møter i kommunale utval oppnemnd av kommunestyret, jfr. kommunelovas § 10, får møtegodtgjersle pr. møte tilsvarande 0,8 promille av ordføraren si godtgjersle. For møtande i formannskapet vert tilsvarande godtgjersle 1,0 promille av ordføraren si godtgjersle. Når eit medlem får permisjon frå delar av møtet, eller stiller som vara i enkeltsaker, blir godtgjersla halvert. Medlemmar som er til stades i minst seks timar i eit møte får full godtgjering uavhengig av om vedkommande har hatt permisjon i delar av møtet.

Når eit medlem er innkalla til fleire møte på same dag, blir det gjeve godtgjering for kvart møte, med unntak av møte som har lite omfang og som krev små krav til førebuingar.

4.5.2 Godtgjersle pr. møte – ad-hoc-utval

Medlemmer i utval oppnemnt av kommunestyret eller formannskap/hovudutval etter delegert mynde, med mandat avgrensa til særlege oppdrag, får møtegodtgjersle tilsvarande 0,8 promille av ordføraren si godtgjersle. Når eit medlem får permisjon frå delar av møtet, eller stiller som vara i enkeltsaker, blir godtgjersla halvert. Medlemmar som er til stades i minst seks timar i eit møte får full godtgjering uavhengig av om vedkommande har hatt permisjon i delar av møtet.

4.5.3 Andre styre, råd, nemnder og utval

Oppnemnde representantar i styre, råd, nemnder og utval som har eigne godkjente ordningar for utbetaling av godtgjersle, får ikkje godtgjering frå kommunen.

Medlemmer i styre, råd, nemnder og utval oppnemnt av kommunestyret eller formannskapet/hovudutvala etter delegert mynde, og der det ikkje blir utbetalt møtegodtgjersle, får møtegodtgjersle tilsvarande 0,8 promille av ordføraren si godtgjersle.

4.5.4 Ordførar og varaordførar

Ordførar og varaordførar som har eit kommunalt tillitsverv i eigenskap av si stilling eller arbeidsområdet for denne, har ikkje krav på møtegodtgjersle etter dette reglementet.

4.5.5 Mobiltelefon

Kommunen stiller mobiltelefon til disposisjon for ordførar og varaordførar.

4.5.6 Kommunalt tilsette

Kommunalt tilsette som har eit kommunalt tillitsverv i eigenskap av si stilling eller arbeidsområdet for denne, har ikkje krav på godtgjersle etter dette reglementet. Dette gjeld og for hovudtillitsvald som er frikjøpt i 100% stilling så lenge møta er innafør ordinær arbeidstid.

For møte som fell på fritid skal hovudtillitsvald og andre tilsettere representantar ha møtegodtgjersle som kompenserer for dette.

Arbeidstakarrepresentantar som har kommunale tillitsverv får utbetalt godtgjersle på lik linje med politiske valde representantar.

4.5.7 Folkevalgtopplæring

For heile dagar med folkevaldopplæring blir det utbetalt godtgjersle tilsvarande 1,2 promille av ordføraren si godtgjersle per dag.

4.5.8 Deltaking på kurs, konferansar, eksterne møter og liknande

For deltaking på kurs, konferansar, eksterne møter og liknande, der deltaking er avtala med ordføraren på førehand, gjeld godtgjering tilsvarande 0,5 promille av ordføraren si godtgjersle.

Godtgjering for deltaking på den årlege budsjettkonferansen gjeld følgjande satsar:

Budsjettkonferanse med utvida formannskap: 1,0 promille av ordføraren si godtgjersle.

§ 5 ERSTATNING FOR TAPT ARBEIDSINNTEKT

Tapt arbeidsfortjeneste

Godtgjersle for tapt arbeidsinntekt blir berre gjeve til dei som har faktisk tap i arbeidsinntekta. Kommunestyret fastsett sjølv satsar for dokumentert og ikkje-dokumentert tap i arbeidsinntekta, jf. kommunelova § 8-3.

Dokumentert tap i arbeidsinntekta utgjer kr 400,- maksimalt per time, maksimalt kr 3 000,- per dag.

Ikkje dokumentert tap i arbeidsinntekta utgjer kr 200,- maksimalt per time, maksimalt kr 1 500,- per dag.

1 Legitimert tap

1.1 Arbeidstakarar

Arbeidstakarar (som utfører arbeid i ein annan si teneste) får dekt tap etter attest frå arbeidsgjevar.

1.2 Næringsdrivande

Legitimert tap blir pr. arbeidsdag dekt med inntil kr 3 000,- pr.dag.

Arbeidstakarar skal legitimere tap i form av ei erklæring frå sin arbeidsgjevar.

2 Ikkje-legitimert tap

Ikkje legitimerede utgifter blir dekt med inntil kr. 1500,- per dag. Reisetid blir rekna som fråværestid. Dekking av ulegitimert tap av arbeidsinntekt blir gjeve for deltaking i møte mellom kl 0700 og 2000.

Anna

Sjølvtendig næringsdrivande kan søkje om godtgjersle etter punkt 2, dersom dei ikkje får godtgjersle etter reglane i punkt 1.

Dei politiske parti sine gruppemøter i samband med kommunestyremøter vert rekna med som fråversted, når gruppemøtet vert halde same dag som kommunestyremøtet. Gruppemøte på andre dagar vert det ikkje gjeve erstatning for.

Arbeidstakarar som har turnusarbeid og kor det er vanskar med å skaffe vikar berre for ein del av vakta, får godkjend deking av tapt arbeidsinntekt for heile vakta, under føresetnad av at vikaren går heile vakta.

3 Offentleg tilsette

Tilsette i offentlig verksemd eller andre som opprettheld løn under fråvær for å ivareta kommunale verv får ikkje vederlag for tapt arbeidsforteneste.

4 Kombinasjonar

Folkevalde som både er arbeidstakarar og sjølvtendig næringsdrivande kan få dekt tap av arbeidsinntekt både som arbeidstakar og som sjølvtendig næringsdrivande, men ikkje utover det som svarar til heil stilling som arbeidstakar.

5 Omsorgsansvar

Ved deltaking i kommunale møter blir ekstrautgifter til tilsyn av barn, sjuke, eldre eller funksjonshemma dekt utgifter med inntil kr 400,- per møte.

Kommunen betaler refusjon for slike utgifter direkte til den person som har tatt på seg omsorgsansvaret mens den folkevalde er fråverande. Vederlag for slike utgifter blir avgrensa oppover til det den folkevalde kunne fått som vederlag ikkje-legitimert tapt arbeidsforteneste.

§ 6 SKYSSGODTGJERSLE

Folkevalde får skyss, kost og overnattingsgodtgjersle etter kommunale reiseregulativ.

§ 7 TELEFONGODTGJERSLE og IPAD

Telefongodtgjersle

Telefongodtgjersle er inkludert i den faste godtgjersla.

iPad

Faste kommunestyrerepresentantar og faste medlemmar av hovudutval får iPad til disposisjon. Levetida for iPad er éin kommunestyreperiode. Om eitt medlem går ut i perioden kan vedkommande om ønskeleg få kjøpe iPad´n for kr. 500.

§ 8 Utbetaling av godtgjersle

Tidspunkt for utbetaling av godtgjersle og erstatning

Utbetaling av møtegodtgjersle skjer i juni og desember. Grunnlag for utbetalingane skal følgje med som vedlegg.

For å få dekt tap i arbeidsinntekt er det eit vilkår at det er eit verkeleg tap på grunn av kommunale verv som skal erstattast. Det skal sendast legitimert krav kvartalsvis, innan fristane 25.03, 25.06, 25.09 og 25.11. Krav om dekking av skyssgodtgjersle skal også sendast inn kvart kvartal.

§ 9 Ettergodtgjersle for ordførar

Ettergodtgjersle for ordførar er regulert i kommunelova § 8-6.

Folkevalde som har vervet som sin hovedbeskjeftigelse kan søkje om ettergodtgjersle når dei fråtrer vervet. Lengda for slik ettergodtgjering blir av kommunestyret fastsett til inntil tre månader.

Rertten til ettergodtgjering skal bli avkorta mot anna inntekt. Det samm gjeld for ordinær inntekt som den folkevald frivillig avstår frå.

Søknad om etterlønn blir behandla administrativt av kommunedirektøren.

§ 10 Permisjon

Folkevald som har vervet som sin hovudbeskjetigelse kan søkje om permisjon i henhold til arbeidsmiljølova §§ 12-1 til 12-10, 12-12 og 12-15.

§ 11 Årleg regulering

Godtgjersle blir endra 1.mai kvart år i henhold til endring i grunnbeløpet i folketrygden.

§ 12 Avgjerd ved spørsmål om tolking av denne forskrifta

Spørsmål om tolking av **denne forskrifta** blir avgjort av ordførar og **kommunedirektør**.

Ikrafttreding

Denne forskrifta gjeld for valperioden **2023 – 2027**.

Forskrifta trer i kraft frå det det tidspunkt kommunestyret vedtek den.